

Nils Bertin Algrøy

og

Kari Oline Rasmussen


05.02.1891 - 10.01.1958

31.05.1891 - 13.08.1963



Deira barn, barnebarn, oldebarn og tippoldebarn

Slektsheftet er oppdatert september 2022. Fyrste utkast ble laget i mars 2000, andre utkast i oktober 2009



Biletet er truleg teken i bryllupet til Gunvor og Nils Olai 31.05.1952.

(Alf Karsten - 12 - var ikkje til stades.)

01 = Hilmar Sigurd Algrøy	16.06.1916 - 07.01.2008	side 06
02 = Ragnhild Bothilde Algrøy	10.08.1917 - 25.09.1999	side 07
03 = Henrik Olai Algrøy	26.08.1918 - 01.05.2011	side 10
04 = Nils Olai Algrøy	14.05.1920 - 23.03.1988	side 13
05 = Norvald Konrad Algrøy	28.06.1921 - 04.02.1991	side 16
06 = Bjarne Algrøy	24.07.1922 - 11.03.1995	side 21
07 = Otto Håkon Birger Algrøy	28.10.1923 - 10.06.1996	side 22
08 = Robert Anton Algrøy	30.03.1925 - 10.09.2010	side 24



Dette bildet er frå 1988 eller tidlegare.

09 = Birgit Helena Algrøy	26.07.1926 - 06.10.2006	side 30
10 = Sverre Algrøy	09.12.1927 - 04.10.1944	side 35
11 = Ingolf Mathias Algrøy	12.06.1929 - 17.12.2011	side 36
12 = Alf Karsten Algrøy	27.11.1930 - 23.05.2011	side 38
13 = Karl Malvin Algrøy	21.05.1932 - 12.10.1994	side 40
14 = Ingebjørg Algrøy	20.12.1933 -	side 42
15 = Kjellaug Algrøy	24.04.1935 - 19.09-2019	side 44

10



Bestemor og bestefar etterlet seg ei stor slekt. 15 barn, 43 barnebarn og eit antal oldebarn som blir større og større etter som tida går.

På biletet på side 2 ser vi 13 av dei 15 barna. Sverre (nr. 10) var død då biletet vart teken.


Barna er nummererte etter alder, og vidare utover i heftet finn vi etterslekta etter kvart enkelt barn under dette nummeret.

Sverre (1927-1944). Biletet er teken på Hagavik, truleg ikkje så lenge før han døde.

(Biletet er utlånt av Ingebjørg Algrøy.)

Slektsheftet kom fyrst ut etter søskenbarntreffet i oktober 1999.

Dette heftet er oppdatert etter forrige hefte som kom ut høsten 2009, og laga av Rune Anda hausten 2020.



SLEKTENS OPPSETT I DETTE HEFTET

Etterkommere av Nils Bertin Algrøy og Kari Oline Rasmussen:

Deres barn

Barnets ektefelle/sambuar

født

født

Barnebarn

Barnebarnets ektefelle/sambuar

født

født

Oldebarn

Oldebarns ektefelle/sambuar

Tippoldebarn

født

født

født



1

Hilmar Sigurd Algrøy gift med **Mathilda (Hilda) Brenden**

f. 16.06.1916 - d. 07.01.2008

21.06.1969

f. 18.12.1919 - d. 18.05.1978



2

Ragnhild Bothilde Algrøy

f. 10.08.1917 - d. 25.09.1999

gift med

28.08.1948

Reidar Anda

f. 19.01.1914 - d. 22.11.1994



2 a

Wenche Karin (død 05.11.2001)
gift 01.07.1982 med Alois Seidl

11.06.1949
31.01.1953

1. Roseleen Alenche Seidl

17.12.1983

gift 05.09.2005 med Timothy Musashi Yasutake

27.09.1983

Benjamin Paul Seidl

14.11.2011

Alanna Rose Seidl

26.01.2019

2. Christina

09.06.1985

gift 06.02.2009 med Sanghoon Jesse Mudgett

02.10.1981

Kayla Soon-Ah Mudgett

28.08.2013

Anaya Kari Mudgett

21.01.2019

3. Maria

13.12.1988


gift 02.07.2016 med Jan Frühtrunk

06.06.1987

Albert

29.01.2021

Wenche (Anda) Seidl og familien



Familien Seidl i Østerrike.

2 b

Rune

gift 09.12.1989 med Norunn Anny Kalvenes

16.05.53

18.05.49

1. **Marius Wang Kalvenes Anda** (adoptert frå Nanjing, Kina april 1991)

10.04.85

2. **Lena Mei Kalvenes Anda** (adoptert frå Wuhan, Kina mai 1994)

01.05.92

Norunn (Ellingsen)

var gift med Harry Ellingsen (død 26.06.2010)

18.05.1949

01.06.1939

1. **Christian Ellingsen**

20.01.1972

gift 14.06.2003 med Siren Smith (død 25.01.2008)

12.03.1962

Petter

26.04.1998

Samboer med Winnie Wold

28.07.1998

Ida Marie

24.04.2002

2. **Øystein Ellingsen**

30.12.1974

samboer med Hanne Raknes

23.02.1976

Bendik

08.03.2007

Anna Augusta

08.08.2009

Rune Anda og familien



Fra feiring av Norunn 70 års dag på Bare Restaurant i Bergen 17. mai 2019.

3

Henrik Olai Algerøy

gift med

Solveig Andrea Nordheim

f. 26.08.1918 - d. 01.05.2011

02.07.1949

f. 05.01.1932 - d. 16.04.2017



1999: Frå venstre: Kirsten Norun, Svein Helge og Frode.

3 a

Kirsten Norun**26.08.1949**

gift med Hans K. Vindenes

15.05.1942

1. Kari**12.07.1968**

Camilla

14.05.1993

2. Carmen**18.04.1971**

Maria

05.01.1994

Henrik

31.05.2002

Julie

17.02.2004

3. Kim Rune**13.01.1981**

3 b

Gustav Magne (død 26.10.2017)**01.10.1950**

gift med Evy Jensen (skilde)

23.10.1952

1. Maren**29.10.1977**

Malene

05.10.1997

William

20.04.2001

Karoline

05.10.2008

2. Guro**09.09.1980**

Torben

26.10.2005

Jesper

12.04.2008

3 c**Svein Helge****21.12.1951**

gift med Helga Knapskog (død 28.09.2019)

26.08.1952

1. Mette (død 09.04.1994)**04.03.1973****2. Hilde****06.01.1975**

Mette Helen

04.10.1999

Alexander

12.02.2003

Simon

20.10.2005

3. Kristin**10.07.1980**

Helena

03.11.2007

3 d**Atle** (død 27.01.2020)**21.03.1958**

gift med Sylvia Vinnes (død 27.12.1992)

01.12.1952

1. Henrik Serge**23.04.1984****2. Angelique****18.11.1986****3. Wally****22.06.1988****3 e****Frode****29.08.1967**

bevest@live.no

4

Nils Olai Algrøy

f. 14.05.1920 - d. 23.03.1988

gift med

31.05.1952

Gunvor Brekken

f. 23.10.1926 - d. 03.04.2015



4 a

Hans Inge

gift med Ingfrid Madland

17.01.1953

27.08.59

Hans Inge var fyrst gift med Kristi Nilsen. Deira barn:

1. Ingrid

gift med Runar Sæle

29.12.1986

27.04.1980

William

06.08.2013

Maria

11.04.2016

4 b

Nils Kåre**28.06.1954**

gift med Rigmor Urdal

10.03.1958

1. Jon Harald**02.12.1981**

samboer med Lise Talge

17.03.1985

Filip Olai

11.08.2016

Henrik Eliah

03.02.2019

Ada Emilie

10.11.2020

2. Bjarte**04.05.1985**

samboer med Lene Gundersen

05.05.1987

Ulrik

24.06.2013

Teodor

16.12.2016

3. Vegard**17.04.1989**

samboer med Sandra Kvamme

26.11.1990

Samuel

12.03.2021

4 c

Grete Nansy (død 11.02.2021)**27.12.1956**

gift med Erling Herøy

19.05.55



2009: Frå venstre: Hans Inge, Nils Kåre, Grete Nansy og Steinar.

4 d

Steinar**04.04.1960**

sambuar med Inger Lise Hundhammer

01.07.1977

steinar.algroy@lyse.net

Steinar var fyrst gift med Tove (død), og fekk desse barna:

1. Marianne**23.05.1982**

var gift med Lars E. Sørensen (død mars 2011)

Alvilde

26.08.2008

Aurora

03.10.2010

sambuar Øystein Nødland

04.04.1977

2. Kristian**22.02.1985**

sambuar med Stine Eie Nordbø (de har skilt lag)

18.02.1987

Mahias

27.08.2010

Jakob

16.06.2014

3. Fredrik**04.02.1997**

1999: Frå venstre: Steinar, Grete Nansy, Nils Kåre og Hans Inge.

Norvald Konrad Algrøy gift med Borghild Mikkeline Nordvik

f. 28.06.1921 - d. 04.02.1991 21.11.1942

f. 20.01.1923 - d. 21.10.2010



1999: Frå venstre: Helge, Sigrunn, Reidar Bjarne, Kjell Normann, Olga Berit, Jorunn Berit.

5 a

Jorunn Berit

gift med Alfred Strømme (død)

15.01.1943

30.04.1940

1. Jan Tore

skilt fra Eva Morlandstø

gift med Trine Kilvær

22.02.1964

19.01.1966

05.05.1966

Hege

gift med Trygve Mathiesen

28.09.1988

07.01.1988

Olav**23.11.2017****Sigurd****17.07.2019****Espen**

gift med Maria Møvik

21.07.1991

29.12.1991

Lena

gift med Ole Morten Gjøsetær

27.04.1994

03.07.1997

2. Ove**26.10.1966****3. Terje**

gift med Ingunn Tamlag

17.10.1970

11.07.1969

Alexander**25.07.1993****Mikael****01.10.1997****Ruben****18.08.2000****Sara Theresia****02.05.2007**

2009: Frå venstre: Jorunn Berit, Helge, Sigrunn, Reidar Bjarne, Olga Berit og Grethe.

5 b

Olga Berit**15.07.1944**

gift med Olav Sverre Rabben

08.03.1943

1. Marianne**31.07.1965**

gift med Rolf Skaftun

18.03.1964

Stebarn 1: Tuva Marie

13.02.1997

Stebarn 2: Jon Kristian

18.07.1998

5 c

Kjell Normann**01.07.1946**

skilt fra Kari Johnson i 2007

06.03.1951

gift på nytt med Kari Algrøy i 2014 (død 04.03.2017)

1. Ann-Christin**10.09.1967**

samboer med Sindre Godager

17.07.1964

Agathe

08.09.1996

samboer med Andre van Bui

06.08.1995

Ine-Therese

17.06.1987

samboer med Jan Børge Sætre

30.06.1988

Siri

18.01.2020

2. Monica**21.02.1971**

gift med Roy Inge Nymark

22.08.1966

Marlene

11.07.1995

samboer med Sondre Jarnæs

29.11.1995

Mats

03.07.1997

Andreas

22.04.2000

3. Jørgen**13.08.1972**

gift med Camilla Finnkirk

21.05.1979

Mikkeline

27.02.2000

Bertin

02.04.2002

Hermine Louise

23.07.2004

5 d

Reidar Bjarne

30.03.1948

gift med Gjertrud Ågotnes

17.05.1950

1. Mette

25.02.1970

gift m. Jonny Bongom

10.04.64

Hanna Sofie

17.02.2001

Hans Jakob

19.01.2004

Solveig Agate

03.05.2008

2. Norvald Bjarte

27.05.1973

skilt fra Anne Mette Lie

10.05.1974

Andreas

12.03.1998

William Bernhard

12.03.2000

5 e

Sigrunn

13.05.1950

gift med Ove Arne Foldnes

13.04.1951

1. Rune

17.07.1975

gift m. Veronica Assandri

10.09.1976

Damian

16.08.2009

Sebastian

21.04.2011

Olivia

11.01.2013

2. Tore

19.08.1978

gift m. Anne Lie

02.04.1979

Sondre

05.04.2005

Brede

31.01.2007

Håvard

25.03.2009

5 f

Helge**31.01.1953**

gift med Britt Kari Torsvik

02.04.1959

he-algro@online.no

1. Birthe**24.03.1983**

gift m. Jostein Foldnes

21.11.1983

Alida

03.03.2011

Jonas

18.09.2014

Mathias

03.11.2017**2. Olav Andre****16.05.1990**

samboar m. Benedikte Solvang

10.09.1991

Emilie

05.02.2017

Elias

04.09.2019

5 g

Grethe**28.10.1961**

skilt fra Bjørnar Kolltveit

22.12.1957

gift m. Jan Perrey Gjermundsnes

28.06.1968

1. Ingelill**25.02.1983**

samboar m. Christian Kårtveit

29.09.1981

Sofie

21.01.2008

Ludvik

07.03.2011

Johannes

27.02.2013**2. Dan****01.07.1988****3. Tine****27.09.1990**

samboar m. Joakim Skarpenes

23.09.1989

6

Bjarne Algrøy

f. 24.07.1922 - d. 11.03.1995



7

Otto Håkon Birger Algrøy

gift med

Helga Malmin

f. 28.10.1923 - d. 10.06.1996

07.08.1948

f. 27.11.1924 - d. 13.10.1984



7 a

Nils Bjarne

gift med Astrid Kløgetvedt

20.04.1950

14.09.1950

1. Erlend

19.11.1970

2. Ketil

24.01.1974

3. Veslemøy

17.04.1979

4. Håvard

08.07.1981

Nils Bjarne

gift 16.07.2012 med Lana Algerøy

Opprinnelig navn: Svetlana Bednarska, fra Ukraina

nilsb@cars.no

20.04.1950

19.07.1958



Nils Bjarne og Lana 2012.



8

Robert Anton Algrøy

f. 30.03.1925 - d. 10.09.2010



Hans Inge Algrøy si tale ved søskenbarntreff 23.10.1999

BESTEFORELDRA VÅRE

Vi er mange forskjellige folk her ikveld, og mange av oss som er søskenbarn kjenner kvarandre knapt. Bakgrunnen for at vi likevel er samla her, og det som bind oss saman, er at vi har felles opphav, og etter gammal rekning er vi i tjukkaste slekta.

Frå foreldra våre har vi sikkert alle fått eit inntrykk og eit bilde av besteforeldra våre og leveforholda til familien då våre foreldre vaks opp, og nokon av oss er så gamle at vi hugsar dei litt sjølv. Kvar enkelt av dei ungane som vaks opp i den familien har nok sitt spesielle inntrykk og sine spesielle minne frå den tida som dei har fortalt vidare til dykk, men eg vil likevel drista meg til å gjengi noko av det eg har fått høyra gjennom min oppvekst og samtale med fleire av dei den siste tida. Eg har fått historien fortalt gjennom både far min og mor mi som var nabo og venninne med Bergit og gjekk i huset der frå ho var jentunge

Bestemor og bestefar var begge fødde i 1891, han på Algrøy og ho i Kolltveit. Dei var tremenningar gjennom begge si morsslekt som kom frå Løno, (ei lita øy ute i havet vest for Algrøy som no er ubebyggd) og som flytta til Løno frå Vik i Sogn ca 1845. Det er vel truleg at dei utfrå slektskapet hadde kjent kvarandre heile livet.

Bestefar var yngst av ein søskenflokk på 6, og han vart kalla Ture-Nilsen fordi faren, Tur-Hansen kom til Algrøy med foreldra sine då han var 2 år gammal. Bestefar, som heitte Nils Bertin, hadde ein eldre bror som heitte Nils Olai og ein som heitte Hermund, begge desse reiste til Amerika, slik at bestefar var den som etter kvart overtok bruket heime. Han som heitte Nils Olai omkom i ei ulukke i Amerika som ung, mens Hermund levde til 1969 og vart ein gammal mann. Av dei to søstrene som levde opp budde Elisabeth på Turøy og Ingeborg Kristine (Kristine Lervik) på Algrøy.

Den lengstlevande var Kristine Lervik som døydd i 1972.

Bestemor var nest eldst av 9 søsken, 6 jenter og 3 gutar. Av desse vaks 8 opp, 2 gutar og alle jentene. Ein av brørne, Henrik, omkom i ei ulukka på Kolltveitfabrikken som 19 åring, så det var berre Karl igjen av brørne til bestemor.



Her var det plass til heile familien på 17 og taus, og endå var det gjesterom ledig til omreisande emiserer. Ikkje rart den siste ungen måtte få plass i nedste komodeskuffa då ho kom til verda. Dei hadde nok andre krav til husvære før enn vi har no!

Berre 3 av søskena hadde etterkomarar, men dei hadde til gjengjeld mange, Brita (Einarsen) i Kolltveit hadde 10, Johanna (Skjerping) som gifta seg på Osterøy, hadde 7 ungar og bestemor altså 15.

Bestemor og bestefar gifta seg i 1915 og fekk etter kvart 15 born i løpet av 19 år frå 1916 til 1935.

I huset som de har sett bilde av her idag, budde alle desse og fram til dei første 10 -11 ungane var fødd, levde også foreldra til bestefar og som regel hadde dei ei taus(tenestejente) som også budde i huset.

Før eg går vidare vil eg fortelja litt om Tur-Hansen, oldefaren vår. Han var kjent som ein ualminnelig rolig kar. Det vert fortalt at ein gong han og nokre andre var på havet kom det eit fæla ver som gjorde at det oppstod ein kritisk situasjon og då dei andre kava på for å berga båt og bruk fann han pipa si fram og sa: "Sannelig, ska' eg no ha tobakk i pipo mi først ". Vi har ei gammal dagbok heima der min tippoldefar på mor mi si side skreiv detaljert ned hendingar frå rundt århundreskiftet, der står det mellom anna: "Lånt ut ei toloka fiskekista til Tur-Hansen som han skulle bruka til å føra torsk og sei til Bergen, leige 1 krone." Det tok ca 6 timar kvar vei å ro til byen.

HUSET

Huset inneheldt i hovedetasjen, stove, kammers og kjøkken med eit lagerrom bak. Seinare vart det bygd på eit bislag på vestsida med utgang til terrenget der. Hilmar fortalde at han huskar når dei bygde bislaget. Han var for liten til å slå spikar, men han var med, og han trødde ein spikar inn i foten. Det var endå til ein dag dei hadde vore og drege makrellgarn og fått 30 makrellar!

På loftet var det eit stort rom og utelem. På soverom-

met stod det 4 senger, ei seng i kvar krå, tre tomannssenger og ei tremannsseng. Når dei vart vaksne og alle var heima samtidig låg noken på utelemen, og far min fortalde at han fleire gonger hadde måtta ligga på ei kista med bua lokk for det måtte den gjera som kom sist inn om kvelden. I stova stodforeldresenga, ei barneseng til den nest minste og alltid ei vogga. Då Kjellaug vart fødd som nummer 15, måtte dei leggja henne i ei kommodeskuffe for alle senger og vogger var oppteke!

I tillegg var det ovn som dei også kunne koka på, bord og stolar og strikkemaskina. I kjøkkenet var det vedkomfyr med bakarovn og kjøkkenbord og krakkar. Kammerset stod tomt for det skulle vera ledig for gjestabodsfolk, og kjøkkenkammerset var lagerrom. Dei hadde selvfølgelig utedo, og bakom doen stod det ei svær tønna som dei tømde nattpottene i, dette samla dei for å gjødsle med om våren.

Samanlikna med i dag er det utruleg at det gjekk an, og fleire av dei som vaks opp her har sagt at dei mange gonger seinare har lurt på korleis det var plass til alle.

BESTEMOR

Dagleglivet i heimen hos bestefar og bestemor var vel som i dei fleste andre heimar i 20-, 30- og 40-åra på våre kantar. Dei hadde 2-3 kyr, ein gris og nokre sauer på bruket. Bestemor fødde ungar kvart år. Ho brukte mykje av tida si til husarbeid, ho kokte mat i vedkomfyren på kjøkenet, svære gryter med fisk og poteter og graut. Ho hadde eit fantastisk handalag når ho rørte i gryta med ei tvøra som ho brukte begge nevane på. Dei kjøpte oftast brød som dei fekk i store kassar med rutebåten frå Krugerbakkens filial i Bergen, eller dei kjøpte brød på butikken i Dalen. Då hende det at ungane åt av brødet medan dei bar brødsekken heim. Ein gong hadde onkel Bjarne ete eit halvt brød på vegen heim og då fekk han godt med kjeft.

Bestemor hadde eit vaffeljern, og det var ikkje så vanleg den gongen. På det lagde ho vafler på vedkomfyren. Når ho sov middag inne i stova, sette ho ungane til å renska småpoteter til potetekaker, og når ho snorka lo dei av det slik at dei vekte henne og då kjefta ho på dei.

Dei hadde alltid nok mat, men far min fortalde at om haustkveldane var det mange gonger dei ikkje åt kvelds før dei hadde vore med sjøen og kasta mort. Då var det mort og småpoteter som var kveldsmaten. Ungane las for maten på omgang og det var ingen som fekk begynna å eta før det var gjort, og då delte bestemor ut maten, vanlegvis to skiver og ei potetkake til kvar.

Hilmar fortalde at ungdommane, for å skaffa seg lomme pengar til forskjellige ting som ungdommane



«Det blei betre plass då nyehuset var ferdig.»

hadde bruk for, ofte tok laksnota og sette den ut om søndagen då det egentlig var ulovleg å ha nota ute Ein gong då han var med Hitsøy-skøyta te byn ein mandag for å levera søndagslaksen, kjøpte han ein mjølsekk for pengane, for han meinte at dei trong det heime. Bestemor vaska klær støtt og det hang alltid klær runt ovnen og ellers i stova om vinteren og ute om sommaren. Vaskevatn hadde dei i ein liten bekk nordom stova, mens dei henta klåravatn med vassel og to bøtter i kvar fær frå Gudlebekkjen, dit det var 5-600 meter å gå. Ungane visste alltid kva dei skulle gjera når dei kom frå skulen: Dei skulle henta vatn og bera heim ei korg med torv frå naustskukken (naustloftet) eller frå bua vest i Vikja.

Bestemor sydde mykje og spøta og når ho vart gammal huska eg at ho alltid sat med noko sauming. Sjølv om ho hadde mykje å gjera heima gjekk ho i forening med dei andre nabokonene, Synneva på Røysena, Gjertrud i Brekko, Knut-Olino og Gjartru-Mons. Dei gjekk på omgang til kvarandre og gjekk tidleg på formiddagen og hadde rokk og karder med seg. Til middag gjekk dei heim og kokte og åt, og så gjekk dei tilbake og var der til utpå kvelden til det var tid til å gå i floren.

Ho reiste på gjestabod spesielt til Kolltveit når ho slapp i frå. Eg skal reisa til våra, sa ho, og når bestefar snakka om dei som var på gjestabod sa han: ”No set dei med kopp og kadna”.

Andre plasser som dei og reiste på gjestabod til var Turøyna og Sangolt.

Dei fortel at bestemor var aldri stressa og oppkava sjølv om ho hadde mykje på seg. Ho var eit romsleg menneske med godt hjarta for alt og alle, og eg huskar godt at ho hadde eit stort fang.

BESTEFAR

Bestefar var ein arbeidsmaur av dei sjeldne. Han gjorde alltid på noko, og han var utrulig nevenyttig, og fekk til mykje, også ting som ikkje andre mannfolk kunne. Han var litt bonde og stelte garden, dyrka opp



Bildet er utlånt av Kristin Algrøy. Bildet er tatt i 1943, ifølge datering i bilde-ramma. Da var dei 52 år gamle.

nytt land i Storevarsøvn, som er meir enn ein kilometer ute i utemarka. Der dyrka dei korn og poteter som dei bar på ryggen heim. Etterkvart som ungane vaks til var dei med, men det var far som var sjefen. Han gjekk på stølen og mjølka kyrne stundom, det var det ikkje mange mannfolk som gjorde. Han dreiv med vanleg småfiske og hadde part i landnotbruket og laksalaget og var med på den aktiviteten som det medførte når dei to gonger for dagen frå mai til august rodde til Kjødneskjeret og Ilneset og såg i laksnota. Om vinteren var han med på landnotfisket som mest føregjekk vestomfor landet her, men som kunne strekkja seg frå Sogn i nord til Karmøy i sør. I 1929 då dei kasta så mykje sild i Sulen (Sulåret) var han med å kasta og låssette silda, men måtte reisa heim før dei tok opp og leverte silda fordi faren hans, Tur- Hansen døydde. Fordi han ikkje var med på opptakinga, tok dei andre i laget og delte lotten hans mellom seg slik at han ikkje fekk noko på løy, han som kanskje trong det mest. Dette gløymde han aldri, og ikkje neste generasjon heller. Når det ikkje var noko å gjera på sjøen, reiste han på veiarbeid, nødsarbeid kalla dei det den gongen. Då rodde han frå Algrøy til Møvik, 1 time, så gjekk han til feks Nesse og forskjellige plassar der veiarbeidet var, arbeidde heile dagen og same vegen heimatt om kvelden, veker i strekk. Så kjøpte han seg strikkemaskin og strikka underklede og sokkar, gensarar og forskjellige ting til alle på Algrøy og langt utover det. Dei kom til han framfor å gå til Margreta Langøy, som også hadde strikkemaskin, fordi dei kleda han laga hadde mykje bedre passform som vi seier i dag. Han sat med austre vegg i stova og strikka seint og tidleg. Han tok imot ull og trave (filler) frå alle kjæringane på garden og Sekkingstad og Eide og alle plasser. Dei kom med svære sekker som han pakka om og sende til Arna Fabrikker. Så fekk dei tøy og trå igjen. Antakelig tjente han litt pengar på det.” Da var fullt i kjæringar med svære sekkar støtt, “ seier Hilmar.

Så var han med og bygde hus og han sydde også hardangersaum så spennvidda i arbeidet hans var stort. Far var ein kamerat, har både Hilmar og far min fortalt meg. Han veileda og hjelpte oss og lærde oss korleis vi skulle vera. Du må aldri vera redd for å ta eit tak, og aldri lura deg unna, og ikkje vera redd for noko. Ein gong når gutane hadde brukt laksnot i helga var dei komen i skade for å knekka ei laksastang, og den måtte vera i orden til dei vaksne i lakselaget skulle setja nota ut att på mandagen. Dei fortalde til faren kva som hadde hendt, og han gjekk i naustet og fant ei ny stang og lagde henne til og hadde alt klart til bruk i rett tid.

Han svarte alltid på spørsmål og lo aldri av dumme spørsmål. Hilmar fortel at han ein gong då han var liten var med i Tjødnoyna og såg etter sauer. Han hadde aldri sett måsegg før og lurde på kva det var som låg der på bakken. “Er da poteter datta so ligg dar?” spurde han. Nei, då fekk han vita at det var måsegg. Bestefar var som far sin ein ualminnelig rolig kar. Ein gong, vert det fortalt, var det ei kjærring som var innom huset i eit ærend og dei stod og snakka ute i gangen. Då kom det ein unge ramlande ned gjennom lemstrappa. Ho som var på besøk skreik over seg, og meinte at no slo ungen seg forderva, men bestefar som nok hadde opplevd mange gonger at det kom ein kropp deisande ned gjennom trappa, sa berre: ”Som regel så slær dei seg ikkje”.

Sjølv om han grisle med noko støtt, var han alltid i godt humør, men han arbeidde seg forderva. Han vart berre 67 år, og kom på sykehus for hjarta og vart liggjande i 4 veker vinteren 1958. Då han kom heim igjen, var det ikkje snakk om å kjøra han frå kaien, han skulle gå sjølv. Det tålte han nok ikkje og han måtte leggja seg på sofaen for å kvila. Han leika seg litt med katten, og så berre sovna han stillt og rolig inn.

AVSLUTNING

Dette var ei veldig kort skisse av ein livshistorie og ein familehistorie som er heilt utenkellig i dag og for mange høyrest ut som eit eventyr.

Det er likevel fortalt av folk som har opplevd det, sjølvsaft farga av individuell opplevelse og påverka av tidens tann, men tross alt veldig nær realiteten.

No treng ikkje emnet vera dette resten av kvelden, meininga var at vi skulle koma saman og verta kjent med kvarandre vi som er her, men det kan vera interessant å veta korleis dei som var før oss levde og hadde det, og kanskje kan det vera med å visa dåke som ikkje er av slekta kvifor vi er slik som vi er.



1) Helge (5f)
 2) Steinar (4d)
 3) Bjørn (12c)
 4) Reidar (5d)
 5) Frank (12b)

6) Kjartan (11c)
 7) Villy (15e)
 8) Per Steinar (9e)
 9) Hans Inge (4a)
 10) Ivar Martin (9f)

11) Jo Inge (13a)
 12) Nils Bjarne (7a)
 13) Sigrun (5e)
 14) Solfrid (9c)
 15) Kirsten Norun (3a)

31. oktober 2009



16) Jorun (5a)

17) Grete (4c)

18) Olga Berit (5b)

19) Nils Kåre (4b)

20) Kristin (11a)

21) Sølvi (13c)

22) Kari (11b)

23) Kari Oline (9b)

24) Brit Norunn (9d)

25) Rolf Willy (9g)

26) Jill (12d)

27) Vigdis (15f)

28) Heidi (13b)

29) Aaslaug (11d)

30) Mona (12a)

31) Grethe (5g)

9

Birgit Helena Algrøy gift med

f. 26.07.1926 - d. 06.10.2006

12.05.1951

Monrad Malmin

f. 07.01.1916 - d. 07.02.2000



9 a

Magne David

gift med Astrid Foldøy Malmin

27.03.1952

13.06.1952

1. Morten Malmin

gift med Brit Botnehagen Malmin

27.12.1979

10.05.1982

Mathias Malmin

06.02.2010

Selma Malmin

29.02.2012

Torkel Malmin

15.06.2015

2. Anne Jorunn M.Natland
gift med Lars Petter Natland

09.10.1982
17.05.1979

Amalie Natland	02.07.2007
Kristian Natland	20.09.2009
Seline Natland	07.05.2012

3. Alf Magne
sambuar med Veronika Vågshaug

21.12.1984
31.12.1988

Ida Vågshaug Malmin	28.03.2019
---------------------	------------

4. Bjarte Malmin
gift med Bodil Valheim Malmin

05.11.1987
22.07.1988

Sander Malmin	15.03.2016
Camilla Malmin	27.08.2017
Isak Malmin	30.10.2019

9 b

Kari Oline

26.03.1953

gift med Svein Algrøy

09.03.1954

kari_algroey@hotmail.com

1. Stian

25.06.1978

2. Kathrine
gift med Trond Dahle

14.09.1980
10.07.1976

Sunniva	13.03.2008
Peder	22.01.2010
Ella	19.04.2014

3. Robert
gift med Madeleine Meling Algrøy

17.08.1988
27.07.1989

Henning	11.02.2020
---------	------------

9 c

Solfrid**02.01.1955**

gift med Tor Reime

21.01.1952

torreime@online.no

1. Espen**13.12.1975**

sambuar med Heidi Løvbrekke

02.12.1970

Monrad

08.07.2014

Theodor

22.05.2016

2. May Brit Reime**24.11.1978**

gift med Frode Johannessen Amalixsen

30.03.1977

Fredrik

21.08.2001

Emilie Pernille

21.08.2001

Magnus

11.01.2007

Even

21.06.2015

3. Tor Sigve**16.04.1982**

Oline

02.09.2010

4. Daniel**13.06.1986**

sambuar med Jasmin Køhler

27.11.1992

9 d

Brit Norun**12.04.1956**

gift med Dag Asbjørn Haukland

01.01.1957

dag.haukland@lyse.net

1. Berit Helen**18.12.1978**

gift 24.06.2000 med Asbjørn Bjelland

05.09.1973

Dag Even

26.03.2002

Atle

16.02.2004

Nora

13.11.2007

2. Ingvar Didrik**15.04.1981**

gift 19.06.2004 med Linda Lokøy

06.01.1985

Anne

11.10.2007

Maria

29.04.2010

Didrik

12.07.2013

3. Anne Mette

gift 20.05.2017 med Marius Ziolkowski

14.03.1985

02.11.1985

Hanna

13.04.2018

Helena

13.11.2020

9 e**Per Steinar****20.12.1958****9 f****Ivar Martin****23.02.1964**

gift med Hilde Hegre

02.01.1963

ivar.malmin@lyse.net

1. Halvar

gift med Sunniva Næss

24.07.1992

01.08.1995

2. Simon**03.05.1994**

Dennis Hetlelid-Malmin

02.09.2020

3. Ingrid

sambuar med Thomas Vatne

01.08.1996

13.08.1993

Luca Malmin-Wood

18.01.2016

Jonah Malmin-Vatne

14.04.2022

9 g**Rolf Willy****14.08.1965**

gift med Hanne Haugen (skilde)

02.09.1967

rwilly@online.no

1. Øistein**16.12.1986****2. Birgit Helen****11.05.1988****3. Mari Anne**

sambuar med Joakim Rolfsnes


05.03.1991

24.06.1986

Mia Rolfsnes

29.01.2022

SLEKTEN ETTER (9) BIRGIT HELENA ALGRØY & MONRAD MALMIN




Bildene er tatt 14. august 2020 i forbindelse med Rolf Willy sin 55 års dag.



10

Sverre Algrøy

f. 09.12.1927 - d. 04.10.1944



11

Ingolf Mathias Algrøy

f. 12.06.1929 - - d. 17.12.2011

gift med

04.06.1960

Helga Kristine Algrøy

f. 04.03.1936



11 a

Kristin

gift med Helge Algrøy

kristin.algroy@gmail.com

09.11.1960

21.01.1959

1. Trine

Ida

20.11.2016

26.05.1986

2. Sissel

gift med John Krister Glesnes

Marina

20.04.2014

Tilje

23.05.2016

Aiana

25.08.2020

17.07.1987

07.11.1981

3. Hege

sambuar med Frode Nyli

17.04.1992

17.09.1985

11 b

Kari 16.01.1962
 gift med Harald Birkeland 22.12.1953
 hara-bir@online.no

1. Ingvild 29.12.1986
 sambuar med Alex Jaxson Andersen 12.07.1991

Matias 04.08.2003

Hennie 09.09.2019

2. Hans Kristian 21.10.1988

11 c

Kjartan 15.10.1963
 sambuar med Turid Aalvik 25.08.1965
 kalgroey@online.no

1. Elisabeth Eide 19.10.1990
 gift med Stig Ove Haugen 07.03.1986

11 d

Aaslaug 27.03.1967
 gift med Dagfinn Fjeldstad 01.04.1964
 aaslauga@gmail.com

1. Synnøve 05.12.1999

2. Øyvind 11.10.2002



2009: Frå venstre: Aaslaug, Kjartan, Kristin og Kari.



1999: Frå venstre: Kristin, Kari, Kjartan og Aaslaug.



2009: Frå venstre: Mona, Frank, Bjørn og Jill.



1999: Frå venstre: Jill, Bjørn, Frank og Mona.

12

Alf Karsten Algrøy

f. 27.11.1930 - d. 23.05.2011

gift med

16.05.1964

Gerd Jorunn Oen

f. 11.07.1945



12 a

Mona

gift med Jan Erik Rognaldsen

monarognald@gmail.com

04.09.1964

20.06.1962

1. Hege

05.12.1987

2. Kaja

08.02.1991

Henrik Engelsen Bjørgo

11.03.1990

Pia Bjørgo

13.03.2021

3. Erik Andre

18.01.1993

12 b**Frank****19.07.1966**

fra-al@online.no

12 c**Bjørn****20.08.1967**

sambuar med Reidun Eidheim

30.11.1970

b-algroe@online.no

1. Preben**14.07.1993**

Sambuer med Henriette Hestetraet Johannessen

19.06.1993

2. Sander**10.12.1998****3. Hanne****01.02.2002****12 d****Jill****19.04.1971**

gift med Arve Normann Ruud

11.12.1969

jill.ruud@ebnett.no

Martine Bakk (Arve sin datter)**18.07.1990****1. Maiken****28.08.2001****2. Sebastian Normann****28.08.2001**

13

Karl Malvin Algrøy

gift med

Gerd Mathilde Nordheim

f. 21.05.1932 - d. 12.10.1994

17.02.1973

f. 24.03.1939



13 a**Jo Inge****08.06.1973****13 b****Heidi****26.11.1974**

gift med Leidulf Ove Hjartøy

11.11.1969

1. Beathe**14.08.1994**

Sambuar med Daniel Nordvik

13.03.1993

Ludvik

12.06.2018

Vilde

14.04.2020**2. Anders****11.11.1996**

Sambuar med Karoline Ormevik

29.02.2000**3. Martin****03.02.2000**

Sambuar med Kamilla Vabø Midlang

05.09.2000**4. Karianne****03.02.2000**

Sambuar med Marius Nordvik

16.05.1997**5. Simon****28.08.2004****13 c****Sølvi****17.02.1977**

gift med Atle-Vidar Hjartøy

23.07.1973

1. Jenny**30.03.2001****2. Henrik****01.01.2009**



Sølvi-familien



14

Ingebjørg Algrøy

f. 20.12.1933



15

Kjellaug Algrøy

f. 24.04.1935 - d. 19.09.2019

gift med

26.10.1957

Nils Olai Lervik

f. 12.12.1926 - d. 24.12.1984



15 a

Nils Bertin

gift med Solaug Iren Turøy

nilslervik@gmail.com

21.01.1958

10.07.1969

1. Espen

Gift 30.06.2012 med Bettina Eismann

20.07.1990

09.08.1991

Kaspar

06.09.2015

Viel

12.09.2018

Rasmus

21.08.2022

2. Nils Ove

19.10.1993

3. Therese

19.10.1993

15 b**Kurt Magne****23.06.1959**

kurt.lervik@gmail.com

15 c**Sverre****25.06.1960**

gift med Elin Storesund

26.08.1968

sverre.lervik@gmail.com

1. Kjetil**01.11.1991**

Sambuar med Alexandra Nerheim

26.06.1996

Konrad

18.06.2020

Iver

09.06.2022

2. Rune**19.01.1993****3. Kristine****02.04.1996****15 d****Oddmund****31.12.1961**

gift med Bente Kleppe

21.03.1968

oddmund.lervik@gmail.com

1. Maria Sung Ae (adoptert frå Seoul, Sør Korea august 1996)**04.05.1996****2. Sondre Bum Soo** (adoptert frå Seoul, Sør Korea mars 1999)**07.12.1998****15 e****Villy****24.05.66**

gift med Nina Merete Angeltveit

07.11.1969

villy.lervil@gmail.com

1. Ingvill**28.12.1999**

15 f

Vigdis

gift med Per Hareland (skilde)

vigdis@musikklandet.no

25.01.1970

31.03.1966

1. Kjell Tore

01.06.1996


2. Daniel

18.05.1998

3. Nils Martin

25.12.1999





Søskenbarntreff 31. oktober 2009



Søskenbarntreff 31. oktober 2009







Havariet i Kråkosen

Av Hans Inge Algrøy (2022)

Fiske var hovednæringa til folket på Algrøy opp til 1960-1970 talet. Det var dette dei levde av i tillegg til dei små jordlappane. Dei fiska mange slags fisk til ulike årstider og med ulike reiskapar.

Det gjævaste var hummar og laksefiske som gav gode inntekter, men ingen ting kunne måla seg mot sildefisket som gav store fangster stundom og svært høge inntekter.

Mest kjent er storkastet som vart gjort i 1924, der notalaga frå Algrøy stengde av Kongvika vest på Algrøy og fekk ein fangst på 27.000 hektoliter sild som gav inntekt på kr 408,000 tilsvarande 10 millionar kroner i dag (2022).

Bygda hadde 3 notlag som var inndelte etter geografien i bygda, Fjedlafolket, Haugafolket og Midtgarsfolk et som alle hadde sine nøter og båtar, og det kom alltid notlag frå andre bygder til Algrøy for å vera med på kasting på dei gode innsigsplassane her.

Bestefar, Turenilsen som han vart kalla, var med i notalaget midt i garden, og hadde ca 1/6 av båt og bruk.

Når det var sild i sikte og utsikt til fangst, før dei på havet nesten uansett vær og vind, og for det meste gjekk det bra, men ikkje alltid.

I dagboka til Nils i Brekko frå 1930 skriv han slik:

”Natten til den 11/1 var det en del sild i Kraakeosen, hvor Berent Langøen, vi var også med, gjorde et bomkast da uveiret, en storm fra sydost raste, så jeg og Nils Andersen i Vest og TuriNils kom i sjøen og på velvet”. Dagboka fortel ikkje kva som skjedde vidare, så denne gongen enda det godt. Inga dramatisk skildring av hendinga, berre nøktern orientering om kva som skjedde og deretter skriv han vidare om oppgjeret: Da oppgjøret var forelagt vilde Ivar Sækingstad have for fire lag som ble negtet ham, men ble henvist til voldgift.

Fiskekista

Av Hans Inge Algrøy (2022)

Før det kom ordning med organisert omsetning av fisk, måtte fiskarane sjølv finna kjøparar og stå for salget, og det var kjøpar som bestemte prisen.

Det hende då at dei måtte sleppa ut igjen særleg sild som det ikkje var kjøpar til, eller at dei måtte lagra fangsten så lenge at den vart lite verd.

Det var Bergen som var omsetningsplassen for fisken, og dei rodde og segla den lange vegen frå Algrøy nord til Vindeneskvarven og derfrå Hjeltefjorden og Byfjorden inn til Bergen

Fisken frakta dei med seg i båten eller levande i fiskekister som dei slepte etter båten. Dei rodde

eller segla når vinden var gunstig, og det kunne ta 5-6 timar eller meir å koma seg til byen

Fiskesalgslaga vart etablert omkring 1915 og etter den tid kom det føringsbåtar som frakta fisken til Bergen, og det vart lovbestemt å fastsetja minsteprisar for kvart fiskeslag i starten av året

I ei dagbok frå 1897 står det å lesa:

“Lånt ut ei toloka fiskekiste til Turhans for frakting av torsk og sei til Bergen”. Denne fiskekista med to lok eksisterer ennå og er 3,80 meter lang, 60 cm breid og 40 cm høg og forma som ein båt for å kunna slepast lettast mulig i sjøen. Turhansen, som han vart kalla, var vår oldefar. Han levde frå 1842 til 1929.



Tur til Sjenefloren og Storevardsøvn

Av Hans Inge Algrøy

I tilknytning til søskenbarntreffet gjekk 21 av deltakarane ein tur til gamle tomtar i utemarka i spora etter forfedrane våre.

Turen starta heime i garden og gjekk sørover mot utmarksgrensa der vi gjekk gjennom Storagrinda. Vi fortsette oppover ein gang- og køyreveg som var opparbeidd etter utskiftinga i 1907 for å få fram torv, lyng og brake og seinare poteter, høy og korn frå utgjerdene. Vegen vart opprusta i 2002 -2003 av Bygdalaget, denne gongen for å ha gangveg til Vågsvatnet.

Ved Rothilderen tok vi av og gjekk vestover mot sjenefloren. Rothilderen er ein hilder som vart brukt til å lagra og tørka røter som dei fann i jorda når dei tok torv. Rot var eit godt tilskot til brenselet som oftast bestod av torv som dei spadde opp av bakkane og myrane.

Sjenefloren som vart brukt som sommarfjøs for kyrne, låg på nordsida av nokre haugar som heiter Midtgavlane. Bygningen låg heilt inntil nordsida av ein bratt bergvegg, godt i ly for sønnavinden. Sjenefloren hadde

berre eitt rom som var ca 6 x 4 meter. Han var bygd av tre og hadde bølgeblikktak.

Det var berre restar av trevirke og bølgeblikk igjen av han no. Døra var i aust og inne var det 3 båsar der kyrne stod når dei vart mjølka og overnatta når veret var slik at dei måtte vera inne om natta. Golvet var av steinheller, og skiten som kyrne slepte frå seg på dette golvet, vart boren ut i bakken aust for skjenefloren. På finversdagar mjølka dei kyrne ute der dei fann dei, og let dei gå ute over natta. Kyrne frå fleire bruk, kanskje 6-8 dyr, gjekk ofte i lag og dei hadde eit område på eit par hundre mål som dei beitte på. Beiteområdet sterkte seg frå bakkane sør og vest for Vågsvatnet som heiter Britesveo og nordover mot Grøne Brekkena og Midtgavlane. Vest- og nordover gjekk kyrne i Vestre dalen ut mot Storavatnet og lenger nord i Måshaugane og opp på Vakta.

Når dei gjekk for å mjølka sa dei at dei gjekk på stølen. Den som gjekk på stølen hadde alltid noko etande med til kyrne som dei fekk når dei vart mjølka. Det var kanskje sild og gamle poteter med salt på. På ettersommaren





når dei begynte å ta opp poteter, bar dei ofte potetkål med seg i ryggjakorg. I eldre tide hadde konene spøt med seg når dei gjekk på stølen.

På dette bruket hadde dei vanlegvis to kyr og ofte ei kvige som var med på stølen.

Ei ku som heitte Fronso hadde dei i minst 20 år. Det var ei stor og snill ku. Ungane lærte seg å mjølka på den kua. Fronso hadde horn, men ein gong var ho uheldig og fall utfor eit lite stup på heimabøen mot Fjedladalen og knekte det eine hornet. Då sende dei bud på Ole Fjell på Langøy som kom og skar det av.

Det var vanskeleg å kvitta seg med ei så god ku, og særleg bestemor syntes det ville vera gale sjølv då kua var hauggamal. Ein dag då ho var i byen sette dei kua på rutebåten og sende henne avgarde. Det merkelege var at ho traff han som kom leiane med kua over Tyskebryggen mot slaktehuset og skjønte at her hadde dei teke seg til rette mens ho var i bydn.

Dei hadde fleire kalvar etter Fronso som etter kvart var kyr, og navna på dei var Dokko og Rausi. Dokko hadde ein kalv som gutane hadde fått beskjed om å slakte, men dei syntes kalven var så fin at det gjorde dei ikkje, og kalven vart ikkje slakta. Den vart ei fin ku som heitte Gullmøy.

Frå sjenefloren gjekk vi vidare til vestraste punktet av toppen på Midtgavlane. Derfrå såg vi havet i vest med Kongvikja som skjer seg langt inn i landet og Kongviktjørna sør for Kongvikja. I Kongviktjørna var det torvmyr

og her tok dei torv til brensel. Torvtaktinga føregjekk om våren i april og mai.

Torva vart spadd opp og lagt til tørk på marka eller på berga omkring. Når dei tok maskintorv var det blaut sørpe frå langt ned i vassjuk myr. Denne sørpa auste dei opp i ei torvmaskin som var ei slags sentrifuge der dei pressa ut vatnet og tok vare på det tørre stoffet som på same måte som dei andre torvene vart lagt til tørk på berga.

Når torvene etter nokre vekers tørk var tørre nok til å ta i hus, bar dei torvene i ryggjakorg frå Kongviktjørna til sjøen i Kongvikja. Første stykket som var 3-400 meter var flatt og greitt, deretter måtte dei klatra ned ein stige med korga på ryggen, og deretter gå nokre meter til før dei kunne ta det om bord i færingen. Alle på bruket måtte måtte vera med på arbeidet med torvtaking, ungane og. Dei hadde ei lita korg som dei kalla Sirikorga som ungane bar i. Dei slapp å klatra ned stigen med torvkorga, ein vaksen tok korga ned stigen og over i båten.

Når båten var lasta nok, rodde dei ut Kongvikja, nordover langs Smalaneset, runda Kåravikneset og derfrå inn til Garsteinvikja der naustet ligg. Torvene måtte opp på naustskukken for at dei skulle vera sikker på at ikkje draget vætte dei ut eller tok avgarde med dei når vinterstormar med sjødrag sette inn. Roturen tok ca ein halv time og på vestsida var det åpne havet som skulle forserast.

Frå utsikten mot torvmyra gjekk vegen vidare til Storevarsøvn. Ingen kan fortelja kva dette navnet tyder,



men det er eit flatt område aust for Storavatnet.

Storevarsøvnene var i utgangspunktet ei våt myr, ca 100 meter lang og med ulik breidde frå 10 til 30 meter. I denne myra sette dei i gang arbeid med å grøfta og dyrka opp til åker og eng. Arbeidet vart igangsett ca 1946 då bestefar var 55 år gammal og det var han og gutane som arbeidde med dette. I løpet av eit par år spadde dei opp ei grøft på 100 meters lengde og ulik breidde og djupne, men opp til 2 meter på det djupaste.

Rundt denne myra sette dei gjerde i hovudsak på austsida ettersom resten vende ut mot Storavatnet og ikkje trong gjerde. Gjerdestolpane fekk dei tak i under arbeidet med å rydda opp etter tyskarane på Fjell festning etter krigen. Det var stolpar med 3 lykkjer på og eit spor på toppen. Tyskarane brukte dei til å trø piggtråd gjennom.

Om lag halve myra vart dyrka opp etterkvart, og i dette stykket dyrka dei korn og poteter.

Kornet var skore og tørka der i Storevarsøvnene og bore på børtau heim, ein tur på minst ein halv time. Det er fortalt at bestefar skeisa over Storavatnet når det var is på vatnet om vinteren og han skulle bort og arbeida på anlegget.

Myra vart aldri ferdig dyrka og grøfta låg lenge åpen før ho no er delvis igjengrodd, men tener ennå som elv for vatnet frå tjødnane aust for Storevarsøvnene ned mot elva mellom Lundevatnet og Storavatnet, elva som var hovedelva for barndommens fiske av ferskvannsaure. Det var ikkje fisk i elva då turlaget prøvde fiskelukka.

I 1970-åra vart Storevarsøvnene tilplanta med sitkagran, og det er omtrent ingen spor igjen av nydyrkingsfeltet.

Vi gjekk heimatt, våt på føtene og ein del av familiehistorien rikare.

Søskenbarntreff 31. oktober 2009, kort rapport

Det begynte med et vellykket søskenbarnmarsj kl. 15. 21 stk deltok og så regna det akkurat dei to timane vi var ute! Hans Inge holdt kulturhistoriske innlegg undervegs på turen, så det var fint!

I Algrøy bygdehall var stemningen. Slektaså ut til å trivast og kosa seg på treffet.

Det var laga maritimt preg på festborda, og fisk og poteter i moderne utgave - servert som bacalao - stod på menyen. Deretter sviskegrøt m/fløyte og seinare kaffi m/lefsjer og kaker.

Sangar, taler og konkurransar i ulike former krydra kvelden! Alle deltok med glede og iver! Mange gode prater mellom søskenbarn og deira følge!